

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
42/2020	Kommunestyret	08.09.2020

Revidert plan for prosess kommunal planstrategi

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Kommunestyret vedtek revidert framdriftsplan for organiseringa av prosessen med kommunal planstrategi 2020-2023 slik:

Dato	Organ	Tema
19.5.20	FS	Sak Prosess rullering kommunal planstrategi 2020-2023 Sak Høyring Innlandsstrategien
25.5.20	KS	Sak Prosess rullering kommunal planstrategi 2020-2023 Orienteringssak administrasjonssjefen: Kva er ein planstrategi, korleis fungerer det kommunale plansystemet og status arbeidet med kommunal planstrategi 2020-2023 Sak Høyring Innlandsstrategien
Fyrste halvdel juni	SU/LU	Arbeidsmøte planstrategi for å utarbeide innspel til dialogkonferansen
23.6.20	KS	Dialogkonferanse. Planstrategi kopla til budsjett- og økonomiplanprosessen
31.8.20	SU	Orientering om prosess. Framlegging av revidert planoversikt
31.8.20	LU	Orientering om prosess. Framlegging av revidert planoversikt
22.9.20	FS	Behandling av administrasjonssjefens innstilling til planstrategi Offentleg høyring. Behandling i politiske utval
10.11.20	FS	Behandling av høyringsuttaler. Innstilling til KS
24.11.20	KS	Endeleg behandling kommunal planstrategi 2020-2023

Saksprotokoll i Kommunestyret - 08.09.2020

Behandling

Vedtak

Kommunestyret vedtek revidert framdriftsplan for organiseringa av prosessen med kommunal planstrategi 2020-2023 slik:

Dato	Organ	Tema
19.5.20	FS	Sak Prosess rullering kommunal planstrategi 2020-2023 Sak Høyring Innlandsstrategien
25.5.20	KS	Sak Prosess rullering kommunal planstrategi 2020-2023 Orienteringssak administrasjonssjefen: Kva er ein planstrategi, korleis fungerer det kommunale plansystemet og status arbeidet med kommunal planstrategi 2020-2023 Sak Høyring Innlandsstrategien
Fyrste halvdel juni	SU/LU	Arbeidsmøte planstrategi for å utarbeide innspel til dialogkonferansen
23.6.20	KS	Dialogkonferanse. Planstrategi kopla til budsjett- og økonomiplanprosessen
31.8.20	SU	Orientering om prosess. Framlegging av revidert planoversikt
31.8.20	LU	Orientering om prosess. Framlegging av revidert planoversikt
22.9.20	FS	Behandling av administrasjonssjefens innstilling til planstrategi Offentleg høyring. Behandling i politiske utval
10.11.20	FS	Behandling av høyringsuttaler. Innstilling til KS
24.11.20	KS	Endeleg behandling kommunal planstrategi 2020-2023

Samrøystes

Saksutgreiing

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

Kommunal planstrategi er kommunestyrets prioriterings- og styringsdokument, og legg føringar for kommunens planleggingsbehov knytt til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane si verksemd for perioden 2020-2023.

Kommunal planstrategi er meint som eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å prioritere planoppgåver i valperioden. Her skal ein m.a. ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast. I tillegg kan planstrategien avklare og prioritere behov for andre planoppgåver; eigne temaplanar, interkommunalt samarbeid og det kommunestyret elles måtte ønskje av planrelatert arbeid.

Planstrategien gjev kommunestyret moglegheiter for å ta opp hovudutfordringar i kommunen tidleg i perioden og skape sterkare eigarskap og engasjement til planar og planlegging. Formålet er ”å planleggje planlegginga” – med fokus på heilskap og tilrettelegging og koordinering av planarbeidet. Kommunal planstrategi er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men eit grunnlag for å klargjera og prioritere planbehovet i perioden.

I tillegg til lovheimel legg administrasjonssjefen fylgjande premiss til grunn for arbeidet:

1. Gjeldande planstrategi

Med bakgrunn i planstrategi for kommunestyreperioden 2016-2019 skal administrasjonssjefen utarbeide status for planarbeidet i Lom kommune og leggje fram for kommunestyret.

2. Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging

I Kongelig resolusjon av 14.5.19, har regjeringa vedteke nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Desse er oppsummert i fylgjande hovudpunkt:

- Planlegging som verktøy for heilheitleg og bærekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Bærekraftig areal- og transportutvikling
- Byer og tettstader der det er godt å bo og leve

Det er lagt til grunn at FNs 17 bærekraftsmål skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i kommunar og regioner. Administrasjonssjefen foreslår å innarbeide bærekraftmålene i malen for kommunal planstrategi 2020-2023.

3. Innlandsstrategien

Regional planstrategi (Innlandsstrategien) er eit viktig utviklingsverktøy for å bestemme regionale satsingar, og skal leie fram til kva regionale planar som skal utarbeidast. Innlandsstrategien vil vere politikaranes mål for Innlandet, der kunnskapsgrunnlaget er første del. Det skal bidra til å etablere ei felles oppfatning av Innlandets utfordringar og moglegheiter.

Administrasjonssjefen foreslår at prosessen knytt til fylkeskommunens arbeid med Innlandsstrategien, leggjast til grunn som kunnskapsgrunnlag for kommunal planstrategi og som moglegheit for kommunal medverking før regional planstrategi fastsettast av fylkestinget.

4. Oppdatert folkehelseoversikt

I høve folkehelselova skal kommunen ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Oversikta skal vere skriftleg

og identifisere folkehelseutfordringane i kommunen, her under vurdere konsekvensar og årsaksforhold.

Kommunen skal særleg vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar.

Folkehelseoversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi, og ei drøfting av kommunens folkehelseutfordringar bør inngå i strategien.

5. Budsjet og økonomiplanprosess for 2021-2024

Kommunestyret vedtok i sak 13/20 plan for arbeidet med budsjett- og økonomiplan 2021-2024. Administrasjonssjefen legg opp til ein administrativ og politisk prosess der arbeidet med budsjett- og økonomiplan sjåast i samanheng med utarbeidinga av kommunal planstrategi.